

Førde, 14.04.2014

NVE
Konsesjonsavdelinga
Postboks 5091 Majorstua
0301 OSLO

Høyringsfråsegn: SFE Produksjon AS. Søknad om løyve til bygging av Bredvatn kraftverk i Bremanger kommune, Sogn og Fjordane

Vi viser til sakspapira som vi har fått oversendt frå SFE Produksjon AS, og til folkemøtet i Ålfoten 08.04.2014, og takkar for at vi fekk utsett høyringsfristen. Fråsegna er basert på Konsesjonssøknaden med vedlegg, info gitt på folkemøtet og henta via Internett, og på eigen kunnskap om området.

Om Sogn og Fjordane Turlag:

Sogn og Fjordane Turlag (sjå www.turistforeningen.no/sognogfjordane) er eitt av Den Norske Turistforening sine 57 medlemslag, og fylkeslag for 16 lokale lag spreidd over heile fylket. Medlemstal ved siste årsskifte: 5.809. Bredvatn kraftverk ligg i Keipen Turlag sitt arbeidsområde, sjå: <http://keipen.turistforeningen.no/>, men er også delvis i konflikt med Flora Turlag sitt område, sjå: <http://flora.turistforeningen.no/>.

Om friluftsliv i det aktuelle området:

I høyringsfråsegna vår, innsend til NVE 20.09.2012, til Meldinga om Bredvatn kraftverk, skreiv vi ein heil del om friluftsliv. Vi ber om at det vi skreiv då, også vert teke omsyn til i samband med handsaminga av Konsesjonssøknaden. (Vi treng vel ikkje skrive det same på nytt her?) Men vi har ein del tilleggssopplysningar.

Fagrapporten om friluftsliv og reiseliv har ca. kartfesta hovudturrutene i området, og det ser bra ut. Men det er ein del mindre brukte ruter i tillegg. Vi nemner:

- Frå Åskora og opp til vestsida av Store Åskorvatnet. Derifrå har vi fått stadfesta at det er greitt å gå både til fots og på ski vidare oppover langs sørvestsida av vassdraget til mellom anna dei to Bredvatna. Frå Ålfoten er dette den kortaste ruta til Gjeugnabu, og den kunne absolutt fortent meir bruk. Ruta vart mykje brukt i samband med bygginga av Åskora kraftverk og i samband med NVE sine bremålingar på Ålfotbreen på den tida. Vi veit at den har vorte brukt seinare også, men bruksomfanget er sannsynlegvis nokså lite, dessverre.
- Opp til Gråfjellet frå sør. Ruta startar like nord for Breistøylen (eit kort stykke nedanfor Hopselva sitt utløp frå Skilbreivatnet,) og passerer Langevatnet undervegs til Gråfjellet. Ruta vert brukt lokalt av folk i Hyen, og er også ein del brukt av (mellom andre) medlemmer i Flora Turlag som ei alternativ rute til Gjeugnabu (via Gråfjellet).
- Frå Straumsbotnen ved vestenden av Skilbreivatnet og opp til Kvannbotnfjellet. Ruta vert brukt av folk lokalt i Hyen. Bruksomfanget er truleg lite.

Det mest brukte turmålet nær utbyggingsområdet, er toppen av Ålfotbreen. Ifølgje kartet er den 1385 moh, men høgda varierer frå år til år etter snømengdene. Av same grunn er det truleg også variasjon i kor godt synlege Bredvatna er frå toppen. Synlegheitskarta i konsesjonssøknaden er nok ikkje heilt eintydige/pålitelege her, naturleg nok, ettersom høgda over havet varierer med ganske mange meter.



Til fots er det mest vanleg å gå opp den merka stien frå Åskora. Keipen Turlag har årlege fellesturar her, i år er den sett opp 17. august. Men det er sjølvsagt også mange andre som går denne ruta i løpet av sommaren. Ein kan også bruke Åskora som utgangspunkt for skiturar, men då bør ein vente så lenge at snøen har smelta opp til minst kote 400, helst kote 500.

På ski er det mest vanleg å gå til toppen av Ålfotbreen frå/via Blåbrebu. Dette er ein veldig fin, og ikkje særleg krevjande, dagstur frå Blåbrebu. Ein går vanlegvis turen i månadane frå og med mars til og med juni. Men enkelte år, når det er mykje snø, kan ein gå der i størstedelen av juli også. Under-skrivne sakshandsamar har i alle fall gått der på ski så seint som 24. juli. Både Flora Turlag og Indre Sunnfjord Turlag (og truleg fleire) har gjennom åra arrangert mange fellesturar her. Flora Turlag har også arrangert fleire turar der ein har gått opp via Blåbrebu, og frå toppen av Ålfotbreen har ein gått sørover ned i Trongedalen, og så vestover attende til Grøndalen via Svartedalen. Men dei mest vanlege turane frå Blåbrebu til Ålfotbreen er uorganiserte.

Frå Blåbrebu kan ein også gå til fots til toppen av Ålfotbreen. Dette er ein både lenger og meir krevjande tur enn å gå på ski. Derfor er det – naturleg nok – færre som går der til fots.

Den hovudruta der ein kjem nærast dei planlagde reguleringsmagasina, er (som det også går klårt fram av fagrapporten) ruta mellom Blåbrebu og Gjegnabu. Då er avstanden til Øvre Bredvatnet mellom 450 og 500 m. Avstanden er minst på sommarføre, fordi ein då ønskjer å unngå den vesle breen på nordsida av Kvannbotnfjellet.

Ruta er mest vanleg å gå på ski, men den vert også gått ein del til fots. På ski er det, viss været er bra, ikkje spesielt krevjande på gå mellom Blåbrebu og Gjegnabu. Som ein illustrasjon på det: Den gongen Flora Turlag tok ut plasseringa av tomten for Gjegnabu, var vi to som gjekk fram og attende frå Blåbrebu på dagen. Det var ikkje noko problem det! Flora Turlag har arrangert ei rekkje fellesturar på strekninga, mellom anna var det i mange år vanleg med pinseturar. Også andre turlag, inkl. Bergen Turlag, har hatt fellesturar på strekninga. Men dei fleste turane er nok uorganiserte. I skitur-sesongen er det så mykje snø på breane i området at det er heilt trygt å gå utan å bruke breutstyr.

Til fots på strekninga mellom Blåbrebu og Gjegnabu, eller mellom toppen av Ålfotbreen og Gjegnabu, vert det også gått ein del turar, både organiserte via turlag eller andre, og meir uorganiserte. Flora Turlag arrangerte på 1990-talet nokre 6-dagarsturar frå hytte til hytte frå Årebrot nord for Florø i vest til Hyen i aust. Nordfjord folkehøgskule hadde i hausten 2010 ein stortur som inkluderte Blåbrebu – Gjegnabu og som mellom anna resulterte i boka "Reint eventyr" av Arve Sandal. Vi veit også om ei rekkje meir private turar på strekninga, men vi har (sjølvsagt) ikkje fullt oversyn.

Større fotturar forbi Bredvatna som vi kjenner til vart arrangerte i 2013:

- Ekspedisjonen Reint eventyr, 28. juli – 3. august 2013. Sjå info om turen på denne linken: <http://www.friluftslivskulen.no/reinteventyr#.Uzbn2M69Yz0>. Sjå førehandsomtale på nettsidene til NRK Sogn og Fjordane i filvedlegg 1, og reportasje i avisa Firda i filvedlegg 2-1/2-2. Det er planlagt ein tilsvarande tur i 2014 også.
- Haustekspedisjonen til Nordfjord folkehøgskule i perioden 24. september – 3. oktober 2013. Denne turen inkluderte å gå strekninga frå Gjegnabu via toppen av Ålfotbreen og ned til Åskora. Sjå utdrag av skulen sin turlogg i filvedlegg 3 og komplett turlogg på denne linken: <http://www.friluftslivskulen.no/haustekspedisjon2013#.Uzbpvc69Yz1>

Grunnen til at influensområdet for Bredvatn kraftverk har så stor verdi for friluftslivet er, som det også går klårt fram av fagrapportane, den heilt eineståande kvaliteten dette turområdet har. Det finst ikkje maken i Noreg! Dessutan har Blåbrebu og Gjegnabu forenkla tilgangen og ført til auka bruk.



Generelt om synet vårt på utbygginga, og om krav til ei eventuell utbygging:

For Sogn og Fjordane Turlag og (mange av) medlemslaga våre har Ålfotbreområdet svært stor verdi som friluftsområde. Det er mange som brukar området, men ikkje alle delar av området er like mykje brukt, naturleg nok. **Grunnen til den store verdien området har, er dei eineståande naturkvalitetane som gir fantastiske turopplevingar.**

Men området er også sterkt skjemma av store inngrep. Nokre døme mellom mange fleire:

- Store Åskorvatnet ser ille ut når det er nedtappa. Det gjeld også i skisesongen!
- Z-vatnet er nesten enda verre. Det er altfor ofte/i altfor lange periodar, tappa ned så og seie heilt til botnen, og ser då ut som eit krater. Verkeleg ille, også i skisesongen!
- X-vatnet er også ofte tappa mykje ned, men har så bratte veggar rundt størstedelen av vatnet, at det ikkje ser på langt nær så ille ut som Z-vatnet. Men den lyse reguleringssona er jo svært godt synleg!
- Frå toppen av Gjegen ser ein rett ned på det vanlegvis nedtappa Isavatnet, så der bør ein gå litt bakover frå kanten av stupet når ein skal nye utsikten, slik at ein ikkje ser vatnet.
- Går ein fram til kanten, og kanskje ut på "Preikestolen" i det fantastiske 1.100 m høge stupet vest for toppen av Gjegen, ser ein rett ned på det regulerte Bjørndalsvatnet, og - enda verre - på dei nye "lysande" nysprengde vegane nord for vatnet. Også svært ille!

Sett frå vår side, ønskjer vi ikkje enda fleire skjemmande inngrep i dette i utgangspunktet fantastisk flotte turområdet. **Så vi er motstandarar av bygging av Bredvatn kraftverk!** Men vi ser også at det kan vere mogeleg at NVE/OED ikkje vil vurdere dei ålmenne interessene, som mellom andre vi representerer, som store nok til å seie nei til utbygginga. **Derfor vil vi i fråsegna vår kome med konkrete framlegg til korleis Bredvatn kraftverk kan byggast på ein meir miljøvenleg og mindre "landskapsøydeleggende" måte enn det som er konsesjonssøkt!** Vi meiner det er fullt mogeleg å kome fram til eit "kompromiss" der utbyggarinteressene vert ivaretekne på ein god (nok) måte, samstundes som dei ålmenne interessene vert ivaretekne på ein betre måte enn dei er med den konsesjonssøkte utbygginga.

Vårt framlegg til ei mogeleg kompromissutbygging er slik:

1. **Alternativ Øvre Bredvatn 2 med inntaket nær nordenden av Øvre Bredvatn vert lagt til grunn for utbygginga.** Dette er det alternativet som i Fagrapport landskap er vurdert som det beste, og vi støttar fullt ut den vurderinga.
2. **Reguleringa av Øvre Bredvatn vert redusert til 1-1,5 m heving og 4 m senking.** På side 83 i konsesjonssøknaden, i Tabell 17-3 er tilnærma dette omtala som Øvre Bredvatn Alternativ d. Det kan tenkjast at litt (men ikkje mykje) større reguleringsintervall kan akseptast, men det er svært lite ønskeleg, sjå kommentarane nedanfor.
3. **Om sommaren i perioden 1. juli – 30. september skal reguleringa av magasinet avgrensaast til å vere mellom HRV og dagens normalvasstand, d.v.s. 1-1,5 m reguleringshøgde.** Fri regulering resten av året.

Kommentarar til, og grunngjeving for, kompromissframlegget:

- I Fagrapport friluftsliv og reiseliv er Alternativ Øvre Bredvatn 1 vurdert som det beste. I den vurderinga er det lagt størst vekt på at dette, grunna mindre helikoptertrafikk, er det beste i anleggsfasen. Vi forstår argumentasjonen, men frå vår side legg vi størst vekt på vurderinga i landskapsrapporten. Vi er villige til å akseptere auka ulemper i anleggsfasen når "premien" for det er reduserte langsiktige ulemper (= mindre synlege landskapsinngrep) av utbygginga. Dessutan: Med redusert regulering av Øvre Bredvatn, vil også trongen for helikoptertransport bli ein heil del redusert.

- For å gjere den delen av inngrepa som er nærast den viktige turruta nord for Kvannbotnfjellet så små som mogeleg, er det sett frå vår synsstad ønskjeleg at det berre vert trong for å bygge ein enkelt dam, og at det ikkje blir trong for å bygge dei 3 konsesjonssøkte betongtersklane i tillegg. For å oppnå dette, og for å unngå at dammen blir for lang og ruvande i det no urørte landskapet, har vi gjort framlegg om at toppen av dammen berre blir 1 - 1,5 m høgre enn dagens normalvasstand. Viss terrenget er slik at toppen av dammen kan gå 2 m over dagens normalvasstand utan at det blir trong for ekstra betongtersklar, og utan at dammen blir særleg lenger og meir ruvande i landskapet, kan dette kanskje vere akseptabelt, men det er lite ønskjeleg. Sjå ytterlegare kommentarar under **Omsyn til utbyggaren 2:** nedanfor Dette er noko ein må sjå meir detaljert på under NVE si sluttsynfaring.
- Bruk av Alternativ Øvre Bredvatn 2 vil etter vårt syn vere **betydeleg** betre enn Alt Ø B 1, fordi inntaket med tilhøyrande inngrep og lukehus i Alt Ø B 2 vert plassert nær nordenden av vatnet der dei blir mindre synlege. Vi er også urolege for at dei auka inngrepa som følgje av Alt Ø B 1 er undervurderte i konsekvensutgreiingane. Ein tunnel heilt opp, med tilhøyrande bruk av store maskiner og lastebilar, vil "automatisk" føre med seg sterkt auka inngrep. Og dette i eitt av dei områda som er aller mest synlege frå dei viktigaste turrutene, og der inngrep høgst sannsynleg betyr ganske mykje skjemmaende fjellsprenging. Ei utbyggingsløyising som føreset helikopterdrift, vil like "automatisk" føre til betydeleg reduserte inngrep fordi transporten på mange måtar vert meir krevjande, og dermed mykje mindre omfattande. Viss ein reduserer nedtappinga frå 6 til 4 m og oppdemminga frå 4 til 1-1,5 m, vil ein også redusere transporttrongen ganske kraftig. Særleg gjeld det dambygginga, men inntaket vert også enklare og billigare å bygge når ein ikkje må sprengje det så djupt ned som omsøkt.
- Når vi gjer framlegg om at reguleringa av magasinet om sommaren skal avgrensast til å vere mellom HRV (= +1 eller +1,5 m) og dagens normalvasstand, så er det for å gjere reguleringssona mindre synleg i fottursesongen. Ein vil då unngå at den lyse nedtappingssona vert ståande som ei "sørgjerand" rundt heile vatnet. Ei lita oppdemming vil i samanlikning bli mindre synleg fordi det er så mykje fjell i dagen rundt vatnet.
- Framlegget vårt betyr at den samla reguleringshøgda for Øvre Bredvatn vert redusert frå 10 m til 5 eller 5,5 m. I konsesjonssøknaden m/vedlegg blir det hevda at nedtappa magasin er lite synlege når magasin er snø- og isdekte. Vi er ikkje utan vidare einige i det! Viss eit magasin er nedtappa berre opptil 2 – 3 m, er dette vanlegvis lite synleg. Men så vert nedtappinga meir og meir synleg, og meir og meir skjemmaende, dess større den blir. Nedtappingane av både Store Åskorvatnet, Z-vatnet og X-vatnet kan vere svært skjemmaende sjølv om det ligg is og snø på vatna. Og skisesongen om våren og forsommaren er på den tida då magasin vanlegvis er aller mest nedtappa! Derfor er det for oss eit poeng at den samla reguleringshøgda for Øvre Bredvatn vert redusert ein del også i skitursesongen.
- **Omsyn til utbyggaren 1:** Av Tabell 17-3 på side 83 i konsesjonssøknaden ser ein at den samla årsproduksjonen i Bredvatn kraftverk vert uendra 274,5 GWh sjølv om den samla reguleringshøgda vert redusert frå 10 til 6 m. Den einaste ulempa utbyggaren får, er at 3,7 GWh av produksjonen vert flytta frå vinterkraft til sommarkraft. Dette er så ubetydeleg at det må vere ei fullt ut akseptabel ulempe for utbyggaren! Det gjeld også om samla reguleringshøgda vert redusert til 5/5,5 m, slik vi gjer framlegg om. Ettersom det vert bygd fleire kraftkablar til utlandet, vert dessutan skilnaden mellom vinter- og sommarkraftprisane mindre. Vi minner også om at hovudreguleringsmagasina for eit eventuelt nytt Bredvatn kraftverk vil vere X-vatnet og Z-vatnet. Reguleringa av Øvre Bredvatn vert først og fremst viktig for kort-siktige reguleringar. Og skulle den "katastrofen" skje at det, truleg med fleire års mellomrom, blir overløp, så renn jo ikkje vatnet lenger ned enn til Store Åskorvatnet. Det er ikkje langt!
- **Omsyn til utbyggaren 2:** Vi ser, og har forståing for, at utbyggerane ønskjer å køyre kraftverket for fullt i høglastperiodane på dagtid og å redusere produksjonen om natta. Med fleire

kraftkabler til utlandet vil dette truleg bli enda betre økonomisk enn det er i dag. I og med at avlaupsvatnet frå kraftverket går rett i fjorden, vil truleg ulempene som følgje av ein slik måte å drifte kraftverket på, verte små, og mindre enn i mange andre kraftverk. (Dette veit NVE meir om enn vi.) Når vi gjer framlegg om avgrensing av reguleringa om sommaren slik at nedtappinga ikkje går under dagens normalvasstand, så har vi prøvd å ta omsyn til dette. Med det store tilsiget det vanlegvis er om sommaren, meiner vi at 1-1,5 m reguleringshøgde vil gje stort nok "spelerom" til at ein kan køyre kraftverket for fullt i høglastperiodane på dagtid, og så fylle opp att magasinet om natta. Slik vi bedømmer det, basert på opplysningar i konsesjonssøknaden (sjå kommentarar til punkt 2.2.4 nedanfor), men utan å ha gjort heilt nøyaktige utrekningar, vil ei slik effektkøyring om sommaren kunne drivast nesten utan avgrensingar med mindre enn 1 m regulering. Men viss NVE meiner at vår bedømming er feil, og at reguleringsintervallet må vere større, så kan det vere akseptabelt å gå opp til 1,5 m reguleringshøgde gjennom å heve HRV til +1,5 m. (Ei ytterlegare heving til + 2 m er svært lite ønskeleg.) Eit alternativ til ½ m heving av HRV kan vere å "avslutte sommaren" 20. september fordi tilsiget i slutten av september ofte har gått så mykje ned at det gir mindre bidrag til effektkøyringa, slik at 1m regulering kan bli litt lite i akkurat den perioden. Dette ber vi NVE vurdere!

- **Andre omsyn:** For oss er sjølvsagt omsynet til friluftslivet det viktigaste. Men vi har merka oss at i nordenden av Øvre Bredvatn er det ganske verdfullt, og truleg ganske skjeldent så høgt til fjells, biologisk mangfald. Sjølv om det ikkje er funne raudlistearter der, så vil det vere eit poeng å avgrense oppdemminga til 1-1,5 m for ikkje å øydelegge altfor mykje av den fine planteveksten der. Den konsesjonssøkte 4 m oppdemminga vil heilt sikkert øydelegge mykje meir. Dessutan: For Landskap vil både redusert oppdemming og redusert nedtapping vere ein fordel. At steinmengdene som må deponerast nede ved/i fjorden vert kraftig reduserte, er også noko som favoriserer Alt Ø B 2 framfor Alt Ø B 1.
- **Prioritering:** Vi har gjort framlegg om 1-1,5 m oppdemming og 4 m nedtapping frå dagens normalvasstand. Viss NVE skulle meine at dette er for lite, noko vi ikkje håpar, så er vår første prioritet at magasinet om sommaren ikkje vert tappa ned under normalvasstanden. Vår andre prioritet er at oppdemminga ikkje vert meir enn 1,5 m, i verste fall 2 m. Vår 3. prioritet er storleiken på nedtappinga. Viss oppdemminga ikkje vert meir enn 1-1,5 m, vil det vere akseptabelt at nedtappinga vert auka til 4,5-5 m, slik at samla reguleringsintervall vert 6 m. Vi ønskjer oss slepping av minstevassføring frå Øvre Bredvatn om sommaren frå 1. juli til 30. (eller 20.) september for å få meir "liv" i elva og fossane nedover til Store Åskorvatnet. I ei totalvurdering prioriterer vi likevel minst mogeleg regulering, og særleg maksimum 1-1,5 m oppdemming, av Øvre Bredvatn som viktigare enn stor slepping av minstevassføring.
- Viss det skulle bli aktuelt å bruke Nedre Bredvatn som reguleringsmagasin, ønskjer vi oss også mindre reguleringsintervall og låg nedtapping av magasinet som sommaren. Dessutan må ei ganske stor minstevassføring vere eit absolutt krav her, for å "halde liv i" dei fine fossane nedover mot Store Åskorvatnet.

Kommentarar til utbyggingsplanane. Punkt 2.2 i Konsesjonssøknaden:

Hovudkommentarane våre står ovanfor. Her kjem nokre tilleggskommentarar.

Alternativ Øvre Bredvatn 1: Dette er etter vårt syn det klårt dårlegaste utbyggingsalternativet, og heilt uakseptabelt, sett frå vår synsstad. Inngrepa vert klårt mest synlege ved bruk av dette alternativet, og vi reknar det som sannsynleg at den store anleggstrafikken ein vil få oppe ved Øvre Bredvatnet, vil føre til betydeleg auka inngrep. **Vi ber om at alternativet vert skrinlagt!**

Alternativ Øvre Bredvatn 2: Under føresetnad av at reguleringshøgda vert redusert, og det vert stilt krav til magasinfyllinga om sommaren, sjå ovanfor, reknar vi dette som det klårt beste alternativet.



NB! For begge Bredvatnalternativa er det ein mangel ved søknaden at det står for lite om lengda på dammane. Det gjer det vanskelegare å danne seg eit godt inntrykk av storleiken på inngrepa.

Alternativ Nedre Bredvatn: Dette er eit akseptabelt alternativ under føresetnad av at reguleringsintervallet vert redusert til maksimum 6 m, helst mindre. Sjå også siste kulepunkt ovanfor.

NB! Vedr. reguleringsmagasina X-vatnet og Z-vatnet: Desse to magasina er i dag del av Åskora-utbyggingane. Men viss Bredvatn kraftverk vert bygd, går dei over til å bli reguleringsmagasin for Bredvatn kraftverk. Dette gir grunnlag for å vurdere reguleringsreglementet for desse to magasina heilt på nytt. Dette kan enten gjerast no med ein gong, i samband med konsesjonshandsaminga av Bredvatn kraftverk (det beste?) eller det kan gjerast seinare, og då innan 2022. **Vi ber NVE vurdere når dette skal gjerast.** Manøvreringsreglementa for X-vatnet og Z-vatnet er viktige for Sogn og Fjordane Turlag. **Vi ønskjer derfor å få spørsmålet på høyring, uansett når vurderingane blir!**

2.2.4 Installasjon og driftsopplegg: Vi legg merke til at med 10 m total reguleringshøgde er magasinet i Øvre Bredvatn stort nok til 4 – 5 døgn kontinuerleg (= 24 t pr. døgn) drift med neglisjerbart tilløp til magasina. Dette betyr at med sommartilslig så vil ei reguleringshøgde på 70 – 80 cm vere (rikeleg?) nok til å køyre kraftverket for fullt i høglastperiodane (10 – 12 timar?) på dagtid. **Dette indikerer for oss at eit reguleringsintervall på 1 - 1,5 m i perioden frå 1. juli til 30. (eller 20.) september, som vi kjem med framlegg om, vil vere rikeleg nok til å kunne drive effektkøyring i høglastperiodane.** Viss ein i desse 3 månadane har bruk for meir regulering ein dei 1-1,5 meterane ein då har tilgjengelege i Øvre Bredvatn, så kan ein bruke magasina i X-vatnet og Z-vatnet til det.

2.2.5 Massedeponi: Her ber vi NVE legge vekt på kva grunneigarane og andre som bur i Ålfoten meiner. Dei har betre grunnlag for å seie noko om det enn det vi har. Alternativ Øvre Bredvatn 1 gir klårt størst steinmengder som må deponerast, og bør også av den grunn unngåast/skrinleggast. Viss det skulle bli slik at ein i Ålfotområdet har bruk for meir stein til ulike formål enn det ein veit om akkurat no, så skaffar ein det gjennom å redusere storleiken på sjødeponiet. Vi kan også nemne at for **kortsiktig** mellomlagring av stein, så kan toppen av (eitt av) sjødeponia vere eit alternativ til det planlagde landdeponiet. Men vi presiserer at då må det vere kortsiktig, for det vil sjå ille ut!

2.4.2 Inkludert minstevassføring: Slik vi forstår det som står om Tabell 2.5, gjeld denne utelukkande produksjonen i Bredvatn kraftverk, og at det ikkje er teke omsyn til produksjonsauken i Åskora kraftverk som følgje av sleppinga av minstevassføringa. Dette vil i så fall gje eit ufullstendig, ein kan vel seie misvisande, bilete av konsekvensane av slepping av minstevassføring. Vi ber NVE avklare med utbyggaren om vi tolkar det som står om minstevassføringa rett.

Vårt syn på minstevassføring: Viss Alternativ Ø B 2 vert valt, meiner vi det er akseptabelt med slepping av berre Alminneleg lågvassføring. Eller betre: 0 om vinteren og 3 gonger Alminneleg lågvassføring om sommaren 1.7 – 30.9. Dette fordi tilsiget nedstrøms vil gje eit bra bidrag til å "halde liv i" dei fine fossane mellom Nedre Bredvatn og Store Åskorvatn. (Tilsvarande gjeld for Alternativ Ø B 1, men det alternativet ønskjer vi absolutt ikkje.) Viss Alternativ N B vert valt, meiner vi at det må sleppast 5-persentilar sommar og vinter for å "halde liv i" dei nemnde fossane!

2.5 Manøvreringsreglement: Vi viser til det vi har skrive tidlegare i fråsegna. For Alternati Ø B 2 (og 1) betyr det at om sommaren, mellom 1. juli og 30. (eller 20.) september, skal magasinet berre tillatast regulert mellom HRV og dagens normalvasstand. **NB! Toppen på dammen skal ikkje tillatast bygd høgre enn HRV, slik at flaumar over HRV ikkje skal tillatast å bli tekne "på overhøgde"!** I staden skal eventuelt overløp renne vidare ned i Store Åskorvatnet.

For Alternativ N B ønskjer vi om sommaren tilsvarende restriksjonar på reguleringa som for Alternativ Ø B. Reguleringa om sommaren må haldast mellom HRV og dagens normalvasstand. Og vi ønskjer forbod mot å ta flaumar ”på overhøgde”. Dam med ”overhøgde” skal ikkje tillatast!

2.6 Andre samfunnsnyttige fordelar: Vi har eitt moment her:

- Nær starten på turruta frå Åskora til Ålfotbreen er det i dag tilrettelagt for parkering for tur-
gåarar. Denne parkeringsplassen reknar vi med vert oppretthalden, og kanskje utvida litt.

Kommentarar til omtalen av konsekvensane av utbygginga:

9. Konsekvensar for landskap: Den/dei som har skrive denne konsekvensutgreiinga, har verkeleg sett, og forstått, kva slags eineståande landskap dette dreiar seg om! For underskrivne sakshandsamar, som har gått turar i dette området i meir enn 40 år, var det ei udelt glede å lese denne utgreiinga. Den er mellom dei beste landskapsutgreiingane eg har lese. Av dei eg hugsar no, vil eg vel seie at den er mellom topp 3! **Eg kan berre stadfeste og ”sette 2 strek under” både verdivurderinga og konsekvensvurderinga! Stor verdi og Stor negativ.** (Då snakkar eg sjølvstøtt om fjellområda, som vi i Turlaget er mest opptekne av.) Eit par ting vil vi likevel nemne:

- Synfaringa som var grunnlag for landskapsrapporten, vart gjennomført sommaren 2012. Den sommaren var det ekstremt mykje snø i fjella, mykje is på vatna og ekstraordinært god magasin-fylling. Dette har ført til at det som er skrive om kor synlege inngrepa aust for Bredvatna er (primært X-, Y- og Z-vatna) har vorte feil for dei aller fleste andre år enn 2012. Vi kommenterer og dokumenterer kva vi meiner i Vedlegg 4, som står lengst bak i dette dokumentet, etter sida med underskrifta.
- Konsekvensane for reguleringsmagasinet Store Åskorvatnet er ikkje omtala. Store Åskorvatnet er godt synleg frå ganske store område, inklusive frå toppen av Ålfotbreen som er det aller viktigaste turmålet i nærleiken av vatnet både sommar og vinter/vår. Bygging/drift av Bredvatn kraftverk vil føre til at tilsiget til Store Åskorvatnet vert kraftig redusert. Dette vil føre til at oppfyllinga av Store Åskorvatnet vil gå mykje saktare enn i dag. Resultatet blir at ein større del av den svært skjemmande reguleringssona på opptil 79 m dei fleste år truleg vil verte meir synleg enn før, heile sommaren. Denne auken av dei negative konsekvensane av reguleringa av Store Åskorvatnet blir dermed ein direkte (nokon vil kanskje seie indirekte) konsekvens av bygginga av Bredvatn kraftverk. Denne auken av dei negative konsekvensane av reguleringa av Store Åskorvatn kan truleg dempast ein del, viss drifta av Åskora kraftverk vert stoppa til magasinet har fått bygd seg opp til eit akseptabelt nivå. Vi er usikre på om NVE kan pålegge endringar av reguleringsreglementet for Åskora kraftverk i samband med konsesjonshandsaminga av Bredvatn kraftverk. **Viss ikkje, ber vi om at dette vert (eit viktig) tema i samband med den revisjonen av konsesjonsvilkåra som skal skje innan 2022!** Den aktuelle revisjonen av vilkåra er så viktig at den vil vi gjerne ha på høyring!

Det er heilt klårt, at i eit landskap med så stor verdi, visuelt direkte og sterkt samanhengande med Ålfotbreen landskapsvernområde, og der andre delar av landskapet er så sterkt prega av inngrep at utbyggingsområdet/nærområdet til dette er det einaste urørte som står att av den flotte vassdragsnaturen ved Ålfotbreen, så bør det absolutt ikkje gjerast fleire inngrep. **Dei små urørte områda som framleis står att her, bør bli verande urørte for framtidige generasjonar! Vårt primære standpunkt er derfor at Bredvatn kraftverk ikkje bør byggast!**

Viss NVE/OED likevel skulle meine at det bør byggast, så må inngrepa, av omsyn til mellom anna landskap, **og Ålfotbreen landskapsområde kloss ved**, gjerast så små som mogeleg, slik at ikkje verdien vert redusert enda meir enn den alt er. Det betyr val av Alternativ Øvre Bredvatn 2, redusert reguleringsintervall, reguleringsrestriksjonar om sommaren i perioden 1. juli til 30. (eller 20.) september, og slepping av minstevassføring om sommaren (1.7 – 30.9). Sjå lenger framme i fråsegna.

NB! Viss utbygging, ber vi NVE vurdere om inngrepa kan reduserast enda litt meir enn det vi har skissert lenger framme i fråsegna. Kan til dømes oppdemminga av Øvre Bredvatn avgrensast til 1 m over dagens normalvasstand og nedtappinga reduserast til 3 m, slik at samla reguleringshøgde berre blir 4 m. Vi føreset då at om sommaren, i perioden 1. juli til 30. (eller 20.) september, så skal det framleis berre tillatast å regulere magasinet mellom HRV og dagens normalvasstand, d.v.s. ei reguleringshøgde på 1 m. (For å unngå ”sørgjeranda”.) Med dei store reguleringsmogelegheitene ein har i X-vatnet og Z-vatnet, bør heller ikkje eit så lite reguleringsintervall i Øvre Bredvatn vere noko problem for utbyggaren, bortsett frå ei lita auka forskyving frå vinterkraft til sommarkraft. Redusert samla reguleringshøgde vil også føre til ytterlegare redusert trong for helikoptertrafikk, og reduserte skadar på planteveksten i nordenden av Øvre Bredvatn. Som nemnt, **vi ber NVE vurdere dette!** Viss utbygging, er det viktig med så små nye inngrep som mogeleg for denne utbygginga. Inngrepa er meir enn store nok frå før, i dette området!

10. Konsekvensar for naturmiljø og naturens mangfald: Bedømt ut frå fotoet i Figur 10-2, ser det ut til å vere viktig for vegetasjonen i nordenden av Øvre Bredvatn med minst mogeleg oppdemming. Maksimum 1 m vil heilt klårt vere ein fordel. Med middels KU-verdi for området, er dette eit moment, av fleire, som tilseier redusert oppdemming.

Sitat frå konsesjonssøknaden nedst på side 54 og øvst på side 55: ”*Langs Åskorelva nedstraums Store Åskorvatnet har det tidlegare vore ein verdifull lokalitet av sjeldne og trua artar av fuktkevjangande mosar og lav. Dette lokaliteten er sterkt påverka av den reduserte vassføringa frå Store Åskorvatn, men det fins framleis fleire rauslista artar i denne naturtypen. Det er ikkje minste vassføring frå Store Åskorvatn, men ved større flaumar, gjennomsnittlege kvart 1,5 år, er det overlaup over dammen ved Store Åskorvatn.*”

Kommentar til sitatet: Bredvatn kraftverk vil nær 100% sikkert føre til at tilnærma alt overlaup over dammen i Store Åskorvatn vil forsvinne. Med dubla slukevne frå 16 til 32 m³/s i dei to ”austlege” kraftstasjonane i Åskora, reknar vi det som svært lite sannsynleg at SFE vil styre produksjonen i stasjonane så dårleg at det blir overløp av betydning. Overløp vil i praksis forsvinne, eller bli svært, svært sjeldne! **Viss overlaupet over dammen i Store Åskorvatn har noko å seie for dei verdfulle raudlistelokalitetane nedstraums, vil derfor Bredvatn kraftverk heilt klårt få negativ verknad for desse lokalitetane. Vi ber NVE vurdere dette.** Eit aktuelt avbøtande tiltak kan jo vere å pålegge slepping av minste vassføring frå Store Åskorvatn. Verknaden av dette vert ein annan enn verknaden av flaumane. Men kanskje vert den i minst like stor grad positiv?? Også dette ber vi NVE vurdere, eller vi ber NVE om å vurdere å be om ei tilleggsgutgreiing av problemstillingane.

13 Konsekvensar for naturressursar – Ferskvassressursar: Av konsekvensutgreiinga ser vi at det er fare for ureining av ein borebrønn. Ureininga kan vere giftig! For å halde kontroll med dette, vil vi sterkt oppmode om at det vert teke, og analysert, vassprøver frå den aktuelle brønnen. Prøvetakinga bør starte eitt år før den aktuelle steintippen vert teken i bruk. Dette er viktig for å ha eit godt grunnlag for å samanlikne med dei prøvene som vert tekne etterpå. Som oftast er det svært interessant å sjå på dei eventuelle avvika. Kor ofte det bør takast prøver, og i kor lang tid, må fagfolk vurdere.

14 Konsekvensar for friluftsliv og reiseliv: Vi viser til det vi har skrive om dette på side 1 og 2 i denne fråsegna. Saman med det som står i konsekvensutgreiinga skulle dette gje eit ganske bra bilete av bruken av området for friluftsliv. Nokre tilleggskommentarar:

- På ski, og i fint vêr, gjer Blåbrebu og Gjegnabu at området ikkje er så krevjande å gå i som ein kanskje kan få inntrykk av når ei les Fagrapporten. Det er den spesielle naturen som gjer at Ålfotbreområdet skil seg ut frå andre fjellområde, ikkje at det er vanskeleg og krevjande å ta seg fram. At ein kan gå på isen over mange av vatna, er ein stor fordel når ein går på ski.

- Til fots er det meir krevjande. Men i år med mykje snø, kan ein første del av sommaren dei fleste "vanlege" stadar gå trygt på breen utan bruk av tau og anna breutstyr. Men ein må sjølvstekt vere i stand til å vurdere om det verkeleg er trygt!
- I Fagrapporten er det nemnt at fossane mellom Øvre Bredvatn og Store Åskorvatn er lite synlege frå vanleg brukte turstiar. Underskrivne sakshandsamar har gått mange gonger til toppen av Ålfotbreen. Dei fleste gongane på ski, men også ein del gonger til fots. Eg meiner bestemt at eg frå området på/nær av toppen av Ålfotbreen har sett – og lagt godt merke til – ein eller fleire av desse fossane (og Bredvatna). Mellom anna derfor synest eg/vi det er viktig at desse fossane framleis får ei "skikkeleg" vassføring om sommaren. Men det er nokre år sidan eg var der sist, så det er mogeleg (men lite sannsynleg) at eg hugsar feil. Dessverre har eg ikkje funne "fotobeviss". Med dei store variasjonane det er i snømengdene på toppen av breen både gjennom året, og sett over periodar på fleire år, vil synlegheitskarta i dette området verte noko upålitelege. Variasjonen i høgda over havet gjer det umogleg å lage dei slik at dei vert 100% rette til kvar tid.
- Med dei vêrtilhøva som er i Ålfotbreområdet, så vil bruken heilt naturleg variere ganske mykje frå år til år. Fellesturar blir avlyste viss vêret er for dårleg, og dårleg vær i til dømes påske og/eller pinse fører til redusert trafikk. Det same gjer dårleg sommarvær. Planane til "storbrukarar" som Nordfjord folkehøgskule vil også variere frå år til år. Saman med Turlaga er det dei som brukar Gjegnabu mest. Men der er også mange meir "tilfeldige" besøkande i tillegg. Gjegnabu hadde 122 registrerte overnattingar i 2013.
- Også sett over lenger tidsperiodar har vi sett at bruken av Ålfotbreområdet varierer ein heil del. Døme: For nokre år sidan var det ei gruppe unge folk som brukte området, inklusive Blåbrebu og Gjegnabu, veldig mykje. No har dei fleste av desse stifta familie og fått born. Dei brukar området mykje mindre enn før. Men om ikkje så mange år, når borna deira vert store nok, er vi overbeviste om at då blir det ei ny gruppe ungdomar som kjem til å bli storbrukarar av området. Dei fortener å få bruke eit område som ikkje er enda meir prega av inngrep enn det alt er i dag!
- Ettersom det er om sommaren inngrepa i og nedanfor eitt av Bredvatna vil bli mest synlege, har vi prøvd å samle informasjon om kor mange som passerte på turruta like sør for Bredvatna i løpet av sommaren/hausten 2013. Det er sjølvstekt uråd å finne ut alt, men det vi kan dokumentere er følgjande: Ekspedisjon "Reint eventyr": 9 deltakarar, sjå Vedlegg 2.1 og 2.2. Nordfjord folkehøgskule sin haustekspedisjon: 19 deltakarar, sjå Vedlegg 3. To fjellvande danskar på Ålfotbretur i 10 dagar hausten 2013. Kjelde: Styreleiar for Ålfotbreen landskapsvernområde, Ola Tarjei Kroken. Totaltal som kan dokumenterast: 30 personar. Vi presiserer at vi då berre har talt med dei vi kan dokumentere har passert til fots på sørsida av Bredvatna. Vi har ikkje har talt med dei som går til toppen av Ålfotbreen frå Åskora. Vi har heller ikkje talt med dei ganske mange som går til toppen av Ålfotbreen eller forbi sørsida av Bredvatna (vanlegvis mellom Blåbrebu og Gjegnabu) i skisesongen. Det er uråd å vite kor mange det er!
- Kva finst av urørt vassdragsnatur mellom Blåbrebu og Gjegnabu?: Like ved og søraust for Blåbrebu er det ei kort strekning med vassdragsnatur som vert opplevd som urørt, sjølv om vassføringa i elva er redusert. På strekninga mellom Store Åskorvatnet og Z-vatnet vert også vassdraget opplevd som urørt. Og så er det nokre småvatn nær Gjegnabu. Elles er alt på nordsida av ruta, frå Blåbrevatnet i vest til X-vatnet i aust, **sterkt** påverka av store inngrep. Vassdraga på sørsida av breen er berre synlege på korte strekningar og på lang avstand, og har lite å seie for naturopplevinga. Med andre ord: Enda fleire inngrep i nord er svært lite ønskelege!
- Kommenterar til konsekvensvurderinga i Friluftslivsrapporten: Slik vi tolkar "Konsekvensvifta", så **bør utbygginga ha middels negativ konsekvens for friluftsliv**. Dette med bakgrunn i den svært høge verdien området har. Då vil sjølv øvre del av lite negativt omfang føre til middels negativ konsekvens! Tilleggsmoment: Sommartrafikken kan vere undervurdert.

16. Avbøtande tiltak: Vi støttar alle dei avbøtande tiltaka det er gjort framlegg om, og oppmodar NVE sterkt om å gje pålegg om desse. For landskap vil eitt av dei aller beste avbøtande tiltaka vere å skrinlegge inntaksalternativ Ø B 1.

17.1 Konsekvensar i driftsfasen: NB! Dei konklusjonane som står i avsnittet som statar nedst på side 76 og sluttar øvst på side 77, er sterkt misvisande fordi det i konsesjonssøknaden her er blanda saman konsekvensar i anleggsfasen (helikoptertrafikk) og i driftsfasen! Viss ein ser på driftsfasen, som punkt 17.1 gjeld, så er det etter vårt syn 100% sikkert at både for Landskap og Friluftsliv er Alternativ Øvre Bredvatn 1 det **klårt dårlegaste** av dei 3 inntaksalternativa. For fagtema Naturmiljø og Naturressursar vil Alt Ø B 2 også vere betre enn Alt Ø B 1, fordi steinmengdene som skal deponerast nede ved fjorden vert mindre. **Vi er ikkje i tvil om at i driftsfasen er Alt Ø B 2 mykje betre enn Alt Ø B 1!**

17.2 Konsekvensar i anleggsfasen: Vårt syn er at driftsfasen på kanskje 100 år, er **mykje** viktigare enn anleggsfasen! Som vi har skrive tidlegare i fråsegna, **er vi villige til å akseptere kortvarige store ulemper, viss resultatet av det er at dei langvarige ulempene vert mindre!** For friluftsliv vil helikoptertrafikken i anleggsfasen for Alt Ø B 2 og Alt N B verte plagsam i eit ganske stort område, det er det ingen tvil om. Men i nærområdet, særleg frå turstien nord for Kvannbotnfjellet, vil vi hevde at Alt Ø B 1 vil vere (minst) like ille, fordi ein då vil ha betydeleg meir omfattande, langvarig og støyande anleggstrafikk i nærområdet til turruta. Dette er ein type visuell og høyrbar støy som er mykje meir framand i dette fjellområdet enn helikopterstøy! **Etter ei totalvurdering av anleggs- og driftsfasen, vil vi mykje heller ha helikoptertrafikken i anleggsfasen!** Men vi synest (som vi har skrive tidlegare i fråsegna) at det er viktig å redusere reguleringshøgda for inntaksmagasinet, særleg høgda på dammen, slik at ein dermed også reduserer helikoptertrafikken.

17.3 Søkjar sine kommentarar til fagutgreiingane: Delar av søkjaren sine kommentarar til landskapsrapporten er for oss "underleg lesnad". Eit sitat for å illustrere dette. (**NB! Vår utheving!**):

*"Men ein ser at dette storslåtte og mektige landskapet har stor evne til å absorbere inngrep og gjere dei lite synlege, og at desse inngrepa ikkje øydelegg opplevinga av landskapet. Landskapsrapporten viser til at dammen på Store Åskorvatn gjer lite av seg og at den opplevde graden av tidlegare forstyrringane i den øvre delen av vasstrengen reint landskapsmessig verkar små. Men SFE synes denne erfaringa i liten grad kjem til uttrykk i vurderingane av påverknaden av dei planlagde dammane/terskalane for Bredvatn, som vil bli maksimalt 1-5 m høge. Den store dammen i Store Åskorsvatnet er til samanlikning 100 m lang og 13 m høg. Reguleringane likeeins; Store Åskorvatn er regulert 79 m mot dei planlagde 10 m med regulering i eit av Bredvatna. X- og Z-vatn er regulerte med høvesvis 30 og 21 meter. Y-vatn og 898 vatn er varig senka, her er fleire overføringstunnelar og tilhøyrande tippar, samt lukehus og ein dam. **Når desse inngrepa knapt syner att** så er vurderingane av verknadane av nye tiltak overdimensjonerte i landskapsrapporten."*

Våre kommentarar: Utbyggaren hevdar her altså at reguleringa av 3 magasin med ei reguleringshøgde på høvesvis 79, 30 og 21 meter + andre tidlegare inngrep **"knapt syner att"** i landskapet. Vi veit ikkje om nokon andre utbyggarar enn SFE Produksjon AS som ville finne på å hevde noko slikt! Men etter mange års arbeid med kraftutbyggingssaker, så kan vi likevel ikkje seie at vi er forundra over SFE Produksjon AS sin påstand. Og SFE Produksjon AS er ganske sikkert heller ikkje forundra over at vi i Sogn og Fjordane Turlag kritiserer denne påstanden. (Og for NVE er vi vel begge parter lette å kjenne igjen frå andre saker, reknar vi med ☺.) Når påstanden ovanfor, lenger oppe i sitatet blir kopla saman med at **"landskapet har stor evne til å absorbere inngrep og gjere dei lite synlege"** så blir på ein måte biletet av SFE Produksjon AS sin måte å argumentere på, komplett!

Lat oss sjå litt på kva som er fakta, så langt vi kjenner dei: Synfaringa i samband med Fagrapport landskap skjedde i august 2012. Den sommaren var det ekstraordinært mykje snø i fjellet, og isen på vatna låg mykje lenger enn vanleg. I Vedlegg 4 (bakerst i dette dokumentet) har vi dokumentert dette med to foto, eitt teke 15.8.2012, og eitt teke 14.8.2010. Begge fotoa er tekne frå om lag same stad like ved Gjegnabu, og begge har nesten likt bildeutsnitt med X-vatnet nærast og Y-vatnet like bakanfor. Av fotoet 15.8.2012, teke omlag på same tid (same dag?) som synfaringa for Fagrapport landskap, ser vi at X-vatnet er oppfylt heilt til randa. Kanskje er det overløp, men det kan vi ikkje sjå av biletet. Vi ser også at størstedelen av X-vatnet var dekkja av is. For Z-vatnet var situasjonen truleg den same. Det er også grunn til å tru at magasinet i Store Åskorvatnet var svært godt oppfylt på den tida. Om vi ikkje hugsar feil, vart det til og med overløp over dammen i Store Åskorvatn litt seinare det året! Magasinfyllingssituasjonen var altså heilt ulik "det normale" på den tida då synfaringa for skriving av landskapsrapporten vart gjennomført. Dette veit sjølvsagt SFE Produksjon svært godt!

For ytterlegare å gje eit bilete av den ekstraordinære situasjonen på tida omkring 15.8.2012, kan vi sitere frå NVE sin "Kraftsituasjonen veke 33, 2012": *"I veke 33 hadde Noreg ein nettoeksport på 668 GWh, noko som er det høgaste som er registrert nokon gong i løpet av ei veke. Trass i den høge eksporten auka fyllingsgraden i norske vassmagasin med 0,3 prosenteningar til 87,3 prosent, noko som er 6,0 prosenteningar over medianen."*

Det som er heilt klårt, er at med en heilt uvanlege situasjonen vi hadde i området omkring midten av august 2012, med heilt oppfylte magasin og steintippar som i stor grad var dekkja av snø, så var størstedelen av inngrepa frå og med Z-vatnet og austover, svært lite synlege. Men dette hadde absolutt ingenting med landskapet si *"evne til å absorbere inngrep og gjere dei lite synlege"* å gjere, slik SFE Produksjon AS påstår. **Dette var fordi magasinane var fulle slik at ingen reguleringssoner var synlege!** I tillegg var det mykje snø og is som i stor grad kamuflerte andre typar inngrep.

Det andre fotoet i Vedlegg 4, teke 2 år tidlegare den 14.8.2010, viser eit heilt anna bilete av situasjonen. Då fanst det ikkje is på vatna, og det var så og seie fritt for snø. Dei kvite flekkane på biletet er i stor grad bre, om vi ser vi godt etter, ser vi ein del blåis. Den permanente nedtappinga av Y-vatnet er godt synleg. Det same er delar av reguleringssona for X-vatnet. Nedtappinga var sjølvsagt mykje mindre 14. august enn den var i juli, men den var likevel godt synleg. Likevel er nedtappingssonene mindre synlege i X- og Y-vatnet enn i Z-vatnet, i Store Åskorvatnet – og slik dei kan bli i Bredvatna – fordi X- og Y-vatna i stor grad har bratte fjellveggar i nedtappingssonene. Særleg på den mest synlege vestsida av Bredvatna, vil reguleringssonene bli svært godt synlege i landskapet fordi botnen på vestsida av vatna skrånar så lite. Dette går tydeleg fram av visualiseringane i konsesjonssøknaden.

Eit anna moment er at X- og Y-vatna ligg nede i djupe søkk i terrenget. Høgdeskilnaden mellom Gjegnabu og X-vatnet er til dømes om lag 240 m. Dette gjer heilt klårt at landskapet si *"evne til å absorbere inngrep"* er mykje større for desse vatna enn for vatna lenger vest. Begge Bredvatna ligg i hylleformer som har direkte samband med landskapet inne i landskapsvernområdet. Landskapet si *"evne til å absorbere inngrep"* er mykje, mykje mindre for Bredvatna enn for X- og Y-vatnet!

Når SFE Produksjon AS skriv at *"Vi har inntrykk av at det generelt er svært få som ferdast i området."* og at *"Sommarstid er rutene lite gått"* så meiner vi at vi i fråsegna har dokumentert at desse påstandane er feil. Det betyr ikkje at vi påstår at bruken av området er svært omfattande, det er den ikkje. Dette er ikkje Besseggen eller noko slikt. Men når ein tek omsyn til kor krevjande området er å gå i, og kor vanskelege vêrtilhøva kan vere, så er det ganske mange som går i området, og vi har inntrykk av at bruken er aukande. **Og kvaliteten på turområdet og på (na)turopplevingane ein kan få, den er verkeleg heilt fantastisk! Det veit både vi og mange andre av eigen erfaring! Men at nedtappingane, spesielt av Store Åskorvatnet og Z-vatnet kan vere ille, det veit vi også!**

17.4 Søkar si prioritering av alternativ: Vi konstaterer at utbyggerane og vi er ueinige om kva utbyggingsalternativ som er best/minst dårleg. Det alternativet SFE Produksjon AS meiner er best, er sett frå vår synsstad det dårlegaste. Vi har begge grunnlagt vårt syn, og så får NVE vurdere og kome med si tilråding til OED. Eitt tilleggsmoment vil vi likevel nemne: Dei ganske omfattande arbeida med tunnelbygging etc etc som vart gjennomførde for å føre vatn frå Skordalselva via X-vatnet, Y-vatnet og Z-vatnet over mot Store Åskorvatnet, dei vart alle gjennomførde utan veg, og berre basert på bruk av helikopter. Desse arbeida var **mykje** meir omfattande ein dei arbeida som skal gjerast oppe i høgfjellet i samband med bygging av Bredvatn kraftverk. **I samanlikning med arbeida den gongen, vil det vere ei lita, på grensa til bagatellmessig, oppgåve å bygge høgfjellsdelen av Bredvatn kraftverk med transport basert på helikopter.** Det er ikkje noko problem! Det aller meste av tunnel- og sjaktbygging skal jo skje nedanfrå, frå låglandet!

Viss utbygging, er det for oss viktig med redusert reguleringshøgde, og at ein om sommaren unngår nedtapping under dagens normalvasstand. Det gleder oss at dette ikkje fører til redusert produksjon, berre ei lita forskyving frå vinterkraft til sommarkraft som utbyggaren bør kunne leve godt med!

Eit sitat frå konsesjonssøknaden, side 83: "- , *men eit Bredvatn kraftverk utan dei omsøkte moglegheitene for regulering vil nærme seg eigenskapane til eit elvekraftverk.*" Denne påstanden er vi ikkje einige i. Hovudreguleringsmagasina for eit eventuelt Bredvatn kraftverk vil verte X-vatnet og Z-vatnet, og der vil det vere bra med magasinkapasitet. Redusert reguleringshøgde for (eitt av) Bredvatna vil i samanlikning ha lite å seie!

Samandrag av Turlaget sitt syn på utbygginga:

Vårt primære standpunkt er at vi går mot utbygginga. Vi meiner at det ikkje bør kome enda fleire kraftutbyggingsinngrep i nærområdet til Ålfotbreen landskapsvernområde. Området er nasjonalt viktig både som landskap og som friluftsområde.

Viss NVE/OED likevel skulle gå inn for utbygging, ber vi om at inngrepa vert reduserte så mykje som råd gjennom at Alternativ Øvre Bredvatn 2 vert valt, at omsøkt reguleringshøgde vert redusert, og at det om sommaren ikkje vert tillete nedtapping under dagens normalvasstand. Vi viser til det vi har skrive om dette tidlegare i fråsegn, særleg på side 3, 4 og 5.

Sakshandsamar hos oss er underskrivne, tlf. 57 82 69 05, E-post: alvar-m@online.no.

Venleg helsing
for SOGN OG FJORDANE TURLAG
Naturvernutvalet

Alvar Melvær (sign.)

NB! Vedlegg 4, sjå neste side.

Vedlegg 4:

Foto teke frå like ved Gjegnabu onsdag **15. august 2012**. Denne sommaren var det ekstraordinært mykje snø i området, og isen låg ekstraordinært lenge på vatna. Magasinfyltinga låg ganske høgt over det vanlege både på landsbasis og i dette området.

Nærast ser vi X-vatnet, som her er heilt oppfylt, slik at det ikkje er mogeleg å sjå at dette er eit reguleringsmagasin som kan tappast ned 30 m. Det einaste som kan gje ein liten peikepinn om at vatnet er regulert, er den oppsprukne isen i enden av vatnet. For Y-vatnet, midt i biletet, gjer snø og is at det ikkje, eller nesten ikkje, er mogeleg å sjå at det er permanent nedtappa. Spesielt når det gjeld snø og is, men også, om enn i mindre grad, når det gjeld magasinfylting, er dette ein sjeldan situasjon i midten av august. Når synfaringa før skriving av landskapsrapporten vart gjennomført på denne tida, fekk ein derfor eit heilt feil inntrykk av kva som dei fleste år er situasjonen for kor synlege dei eldre utbyggingsinngrepa er i landskapet om sommaren.

Dokumentasjon av våre påstandar ovanfor: Når det gjeld magasinfylting, reknar vi med at NVE har mangeårige data som kan dokumentere magasinfyltinga i X-vatnet og dei andre regulerede vatna i området, gjennom sommaren. Når det gjeld snø, vil bremålingane NVE gjennomfører på Ålfotbreen og Hansebreen gje god informasjon om snømengdene i området frå år til år.



Nedanfor eit foto teke frå om lag same stad like ved Gjeugnabu laurdag **14. august 2010**, altså 2 år tidlegare enn fotoet ovanfor. Som det går fram, er situasjonen ein heilt annan enn den var under landskapssynfaringa i 2012. Vatna er fullstendig isfrie, og det er nesten ikkje snø. Det aller meste av det kvite vi ser på fotoet, er bre med flekkar av synleg blåis. Vi ser at X-vatnet er nedtappa ein del, men ikkje så veldig mykje. Reguleringssona er tydeleg. For Y-vatnet er den permanente nedtappinga ganske godt synleg, trass i den lange tida som har gått etter at den skjedde.

Vinteren 2009/2010 var svært kald, men det var mindre snø enn normalt. 2010-fotoet viser derfor litt mindre snø enn normalt på den tida. Men at X- og Y-vatna er isfrie i midten av august, det meiner vi er normalt for dei fleste år. Magasinfyllinga i X-vatnet meiner vi også er nokså normal for årstida, (den er lægre i juli,) men der er vi noko meir usikre. NVE har data som kan gje fakta.

SFE Produksjon AS si styring av magasinfyllinga, slik vi har inntrykk av at den er: I nedtappingsperioden har vi inntrykk av at X-vatnet og Z-vatnet vert tappa ned først. Dette for å halde vassstanden i Store Åskorvatnet høg så lenge som mogeleg for å tape minst mogeleg fallhøgde i kraftverket. Den store nedtappinga av Store Åskorvatnet startar først etter at magasinerna i X- og Z-vatna er tomme. Om våren/forsommaren har vi inntrykk av at oppfyllinga av Store Åskorvatnet startar først, for å fylle det opp for å redusere fallhøgdetapet i kraftverket. Oppfyllinga av X- og Z-vatna startar seinare på sommaren, når Store Åskorvatnet har kome opp til rundt 10 – 20 m under HRV. (Ein må ha ein del ”å gå på” for å unngå overløp.) I juli (fottursesong) vil X- og Z-vatna ofte vere mykje nedtappa, men det varierer ganske mykje frå år til år. NVE har faktaopplysningar!

